

Som eit resultat av aukande mobilitet på tvers av landegrenser dei siste tiåra opplever mange land at nyare språklege minoritetar blir større enn urfolk og nasjonale minoritetar. Til dømes er det i dag sannsynleg at det er langt fleire som snakkar somali enn samisk i Noreg (Statistisk sentralbyrå, 2019; Johansen et al., 2019). Det er likevel eit opent spørsmål kva konsekvensar denne utviklinga vil ha for språk- og utdanningspolitikk i framtida. Denne presentasjonen undersøker difor språkideologiar blant lærarstudentar med utgangspunkt i fokusgruppeintervju kring ein vignett om to elevar som snakkar høvesvis samisk og somali, og kva språklege rettar dei har i det norske utdanningssystemet.

Fire grupper med lærarstudentar (N=13) frå to ulike lærarutdanningsinstitusjonar i Noreg tok del i studien. I fokusgruppeintervjua blei studentane mellom anna presenterte for ein vignett som involverte ein omtale av dei språklege rettane til to elevar ved ein hypotetisk skule i Oslo, der den eine eleven, Lemet, fekk opplæring i sitt heimespråk samisk, medan den andre, Aisha, ikkje fekk opplæring i sitt heimespråk somali. I denne studien blei den aktuelle vignetten konstruert for å framheve skilnaden i retten til opplæring i eige språk mellom den samisktalande og den somalitalande eleven. Samisk representerer i dette tilfellet eit minoritetsspråk med relativt sterke rettar i det norske skuleverket, medan somali representerer eit språk med svake rettar. Fokusgruppeintervjua blei tatt opp og transkribert. Lærarstudentane sine diskursar blir analyserte med utgangspunkt i Irvine og Gal (2000) sin teori om språkideologi og språkleg differensiering.

Analysen dokumenterer korleis språklege ideologiar gjorde seg gjeldande i samtalane kring ulike elevgrupper sine språklege rettar innan norsk skule, der eit fleirtal argumenterte for dei samiske språka si særstilling i norsk lovverk med historiske og kulturelle grunnar, medan somali blei vurdert som eit framandelement i Noreg. Lærarstudentane i studien argumenterte med andre ord for dagens språkhierarki i norsk lovverk og skule. Denne studien tyder på at lærarstudentar i større grad bør lærast opp til å kunne vurdere kritisk sine eigne språkideologiar og dei språkideologiane som pregar norsk lovverk og skule, samt korleis lovverket kan hindre elevar i å dra nytte av skulesystemet (García, 2009).

## Kjelder

- García, O. (2009). *Bilingual education in the 21st century: A global perspective*. Malden, MA: Wiley-Blackwell.
- Irvine, J. T., & Gal, S. (2000). Language ideology and linguistic differentiation. I P. V. Kroskrity (Red.), *Regimes of language: Ideologies, policies, and identities* (s. 35-83). Santa Fe, NM: School of American Research Press.
- Johansen, K., Møllersen, S., Tovmo, P., Aslaksen, I., & Rasmussen, T. (2019). *Samiske tall forteller 12: Kommentert samisk statistikk 2019*. Retrieved from Guovdageaidnu:
- Statistisk sentralbyrå. (2019). *Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre*. Henta frå: <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/innvbef>